

2021/2022

UNIVERSITETET I BERGEN OG SAMFUNNET



HELSING FRÅ REKTOR

2021 var eit merkeår for oss ved Universitetet i Bergen. Vi feira at det var 75 år sidan universitetet vart grunnlagd. Slagordet for jubileumsmarkeringa var «75 år med tankar» – eit slagord som fortel noko om kva vi har betydd i dei åra som er gått, men òg eit slagord som seier noko om kven vi er i dag. Ny kunnskap og nye tankar er noko som driv eit universitet vidare.

Som eit av landets største breiddeuniversitet har vi eit særskild ansvar for å ivareta ein kunnskapsberedskap. Det får vi til gjennom innsatsen vi legg ned i grunnforskinga og forvaltninga av den store breidda av disiplinar og familjø.

Ved UiB driv vi forsking, kunstnarleg utviklingsarbeid og undervisning innan eit stort spekter av fagområde. Vi har og eit stort ansvar i å forvalte nasjonale minne gjennom Universitetsmuseets

utstillingar. Å vise fram forskinga vår, kva vi bidreg med til samfunnet, og å opne opp universitetet er viktig for oss. Det er også noko av det som kjenneteiknar eit moderne universitet som UiB.

Sjølv om pandemien prega størstedelen av 2021, skjedde det mykje ved Universitetet i Bergen.

I dette heftet kan du lese litt om våre høgdepunkt, og om kva vi bidrog med til samfunnet.

God lesing!



A handwritten signature in black ink that reads "Margareth Hagen".

Margareth Hagen, rektor

UNIVERSITETET I BERGEN I 2021

Universitetet i Bergen vart grunnlagt i 1946 som Noregs andre universitet. I 2021 feira UiB sitt 75-årsjubileum. Dei akademiske røtene til universitetet går derimot tilbake så langt som til 1825 då Bergen museum vart grunnlagt.

I dag er UiB eit internasjonalt retta forskingsintensivt breiddeuniversitet. Universitetet har 7 fakultet og 40 institutt.

**75 år
med
tankar**

ANDEL KVINNER OG MENN

53 %
 47 %

ÅRSVERK

4 215

INNTEKTER (I MILL. KRONER)

5 414

Universitetet i Bergen sine totale inntekter

1 059


Bidrags- og oppdragsinntekter (BOA)

STUDENTANE VÅRE

TAL PÅ STUDENTAR HAUST 2021



19 641



ULIKE STUDIUM VED UiB

231

Tal på ulike studium UiB tilbyr. Dette er fordelt på årsstudium, bachelor- og masterprogram samt profesjonsstudium.

ETTER- OG VIDAREUTDANNING

3 422

studentar melde opp i ulike vidaregåande utdanningstilbod i 2021. Dette er ei auke på heile 83 % frå 2020. Etter- og vidareutdanninga på UiB tilbyr 127 ulike emne.

SENTER FOR FRAMIFRÅ UTDANNING

Ordninga med senter for framifrå utdanning (SFU) vert forvalta av Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse. Av 12 SFU i landet, er to ved UiB:

bioCEED - Senter for framifrå utdanning i biologi

iEarth - Centre for integrated earth system science education

FORBRUK STUDENTAR (I MILL. KRONER)

2 637

Så mykje pengar la UiB-studentane igjen i Bergen i 2021 i form av husleige, handel og kulturopplevingar i byen.



Studentfrivilligheit

I Bergen er det om lag 200 ulike organisasjonar for studentar. Mange av dei er drivne av studentane på frivillig basis. Tidlegare undersøkingar viser at 44 prosent av studentane ved UiB har verv i ulike organisasjonar. Studentfrivilligheita, og det som skjer gjennom studentorganisasjonane er også viktig for kulturlivet i byen.



Klima på dagsordenen

Med 90 000 kroner i støtte frå Klimafondet ved UiB arrangerte Biologisk fagutvalg i september «Klimauken»; ei veke med studentretta klimarelaterte aktivitetar. I løpet av veka inviterte dei mellom anna til strandrydding, panelsamtale om korleis UiB skal bli klimanøytrale innan 2030, aktuelle foredrag og sosiale treff for klimaintereserte studentar.



Berekraftspilotar

Fire studentar er tilsett som berekraftspilotar, for å løfte studentperspektivet inn i UiB sitt arbeid med berekraft. I 2021 har dei mellom anna stått for drift av Byttebua gjenbruksmarknad for studentar og tilsette, ryddeaksjonar, bidrag til ulike klimafestivalar og berekraftskonferansen i Bergen, samt ein video-serie som syner enkle grep for å kutte matsvinn.



Masterutstilling

27 ferske kunstnarar presenterte i april og mai verka sine for publikum i Bergen under masterutstillinga i kunst ved Fakultet for kunst, musikk og design. Utstillinga hausta god omtale, til dømes karakteriserte Bergens Tidende henne som «særdeles vellukka frå morgondagens stjerner».



Studentengasjement

Den studentdrive «Høydenfestivalen» i Nygårdsparken vart ein suksess då han var arrangert for første gong i august 2021. Med fokus på berekraft og mangfold skaper festivalen ein arena for musikk og kultur for studentar, i hjartet av Bergen. Høydenfestivalen vart skipa av Studentersamfunnet i Bergen.

FORSKING

Leiarutvikling innan marin forsking

Nærare 40 postdoktorar vert rekrutterte for å jobbe tverrfagleg med berekraftig bruk av havet, etter ei EU-tildeling til programmet SEAS. Stillingane skal knyttast mot ulike fagmiljø ved UiB og partnarar innan næringsliv, forvalting og samarbeidande forskingsinstitusjonar i inn- og utland.



ERC-mottakar nummer 10 000

Under ei markering i mai vart det klart at mottakar nummer 10 000 av ERC-stipend var matematikaren Inga Berre ved UiB. Med sitt Consolidator Grant skal ho forske på kva som skjer i undergrunnen når ein utvinn varme frå jordas indre. Kunnskapen kan mellom anna bli brukt til å utnytte ressursar på ein betre og meir effektiv måte i framtidig energiproduksjon.

ERC har gitt 140 stipend til forskarar ved norske institusjonar. 33 av desse har gått til forskarar ved Universitetet i Bergen.

EU-midlar til forsking

UiB fekk 98,14 millionar Euro til 170 ulike prosjekt gjennom EU sitt førre rammeprogram Horisont 2020. Det gjer at UiB fekk nest mest i Noreg per vitskapleg tilsett.

Framifrå forsking

Ordninga med senter for framifrå forsking (SFF) er Norges forskingsråd sitt ypparste verkemiddel for å fremje kvalitet i norsk forsking. UiB koordinerte i 2021 fire SFF:

Birkelandsenteret for romforskning (BCSS)

Senter for forsking på mødre- og barnehelseintervensjonar (CISMAC)

Senter for kreftmarkørar (CCBIO)

Centre for Early Sapiens Behaviour (SapienCE)

AVLAGDE DOKTORGRADER I 2021

245

VITSKAPLEGE ARTIKLAR

3 466

vitskaplege artiklar, forfatta av UiB-tilsette, vart publiserte i ulike tidsskrift i 2020.

INNOVASJON



UiB idé

Gjennom innovasjonsprogrammet UiB idé kan tilsette og studentar söke støtte til å vidareutvikle og teste gode innovasjonsidear. I pilotåret 2021 kom det inn 36 søknadar frå alle fakultet, og ved hjelp av UiB idé kunne til slutt fire studentar og fire tilsette gå vidare med å utvikle ideane sine.



Forskningsdriven innovasjon

Forskningsrådet si ordning med senter for forskningsdriven innovasjon (SFI) har som mål å styrke innovasjon i eit langsiktig samarbeid mellom forskingsmiljø og forskingsintensive bedrifter. UiB koordinerer to SFI-senter: **MediaFutures** og **Smart Ocean**. Samstundes er UiB partnar i fire andre SFI-senter.



Eitri

Universitetet i Bergen, Helse Bergen og VIS-Vestlandets innovasjonsselskap har som mål at helseinkubatoren Eitri skal bli Vestlandet sitt sentrum for eksport av nye og framtidisretta løysingar innan helsesektoren. Etter opninga i november starta arbeidet med å fylle meir enn 2 400 kvadratmeter med ambisiøse innovatørar, studentar, industri og investorar.

BETYDNING FOR SAMFUNNET

Universitetet i Bergen er eit internasjonalt forskingsintensivt breiddeuniversitet. Ved UiB foregår det forsking og undervisning innan dei fleste klassiske universitetsdisiplinane.

Kunnskapsberedskap

Som eit av landets største breiddeuniversitet har UiB eit særskilt ansvar for å ivareta ein kunnskapsberedskap til samfunnet rundt. Slik kan ein på kort varsel mobilisere familjø og dele kunnskap når samfunnet treng det. Gjennom grunnforsking i breidda av fagfelt finn UiB sine forskarar ny kunnskap. Dette er avgjerande for å forstå problemstillingar knytt til dømesvis pandemi, konflikt og klima, men også framtidige utfordringar vi ikkje kjenner i dag.

Pandemisenteret

Under koronapandemien har det vist seg viktig at tilgjengeleg virusinformasjon vert delt med helsepersonell og forskarar verda over, så raskt og ope som mogleg. Rådata for norske SARS-CoV-2 gensekvensar vert for første gong fritt tilgjengelege gjennom genbanken ENA (European Nucleotide Archive). Forskarar ved UiB har utarbeidd den tekniske løysinga i samarbeid med FHI.

Kunnskap om krigen i Ukraina

Etter at Russland gjekk til åtak på Ukraina i februar 2022 mobiliserte UiB sine forskarar for å dele kunnskap om til dømes folkerett, propaganda, identitet, historie og kultur i Ukraina og Russland. Dette er kunnskap som er med å auke forståinga i samfunnet om kva som ligg bak denne alvorlege krisa.

Kunnskapsklynger

UiB samarbeider med forskingsinstitusjonar og aktørar i samfunns- og næringsliv om kunnskapsklynger med framifrå forsking, utdanning og innovasjon. Følgande kunnskapsklynger er etablerte: Medieklynge, Alrek Helseklynge, Marin klynge, Klimaklynge, Energi- og teknologiklynge, Middelalderklynge og Polyfon kunnskapsklynge for musikkterapi.



” UiB er eit universitet med stor fagleg breidde og tyngde, som står for kompetanseutvikling regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Universitetet er ei sterk drivkraft for nyskaping, mellom anna gjennom sitt arbeid med kunnskapsklynger. Dei har oppnådd konkrete resultat som bidrar stort til berekraftig utvikling, og det står det enorm respekt av.

Ola Borten Moe,
forsknings- og høgare utdanningsminister



Knutepunkt for havet

I 2018 vart Universitetet i Bergen utpeikt av FN som globalt knutepunkt for berekraftsmål 14; livet i havet. Som del av dette skal UiB inspirere og motivere partnarar globalt i arbeidet for kunnskap om eit berekraftig hav. I 2021 kunngjorde FN at UiB får tre nye år i denne rolla.

Globalt samarbeid

14 prosjekt frå Universitetet i Bergen fekk ei samla støtte på 290 millionar kroner frå Norad, gjennom NORHED II-programmet. Målet er å bygge partnarskap mellom universitet og høgskular i Noreg og det globale sør. Satsinga vart markert med eit digitalt kick off i september 2021.

” Institusjonar for høgare utdanning og forsking er sentrale leverandørar av kunnskap for å nå berekraftsmåla. Både produksjon av kunnskap og tilgang på høgare utdanning er skeivt fordelt i verda. UiB har tatt på seg eit viktig oppdrag med å styrke og bygge gode miljø for kunnskap i sør gjennom deltakinga i NORHED-programmet. I Norad seier vi at fakta har makta. Vi treng kunnskap for å vite korleis vi best kan sikre berekraftig utvikling. Universiteta bidreg til kritisk tenking og debatt rundt sosiale, politiske, økonomiske og kulturelle forhold knytt til dei globale utfordringane verda står overfor, og til løysingar og innovasjon.

Bård Vegar Solhjell, direktør i Norad

UNIVERSITETSMUSEET I BERGEN

Universitetsmuseet i Bergen er ein av dei viktigaste arenaane til Universitetet i Bergen for forskingskommunikasjon. Museets fagfelt er antropologi, arkeologi, kunst- og kulturhistorie, botanikk, geologi og zoologi.

Universitetsmuseet blei «Årets museum 2021»

«Vinnaren er eit museum som gjennom nytenking og nye måtar å formidle historie og forsking på, har gjennomført ei omfattande rehabilitering av bygningar og utstillingsfasilitetar. Like viktig som å opne romma og etablere nye møteplassar, er måten dei gjennom si innovative og dristige formidling ynskjer kommande generasjonar velkomne utan å bryte banda til historia og tradisjonane.» Frå juryens grunngjeving.



4,5 millionar

Dette er talet på Universitetsmuseet i Bergen sine gjenstandar. Universitetsmuseet sine natur- og kulturhistoriske samlingar utgjer ein viktig nasjonal og internasjonal forskingsinfrastruktur. I 2021 besøkte over 98 000 personar museet sine mange utstillingar, og dei fekk lære meir om korleis UiB og museets forskarar produserer kunnskap til samfunnet.

Kyrkjekunstutstillinga

Samlinga av mellomalderkunst er ei av dei viktigaste av sitt slag i Europa. Museets grunnleggjar Wilhelm Frimann Koren Christie, og biskop Jacob Neuman, starta arbeidet med å byggje opp denne omfattande og unike gjenstandssamlinga for snart 200 år sidan. Museet har ei viktig oppgåve i å forvalte desse gjenstandane.



Gullfunnet ved Espeland

I samband med arkeologiske registreringar knytt til planane om ny E16 ved Espeland utanfor Bergen, blei det i 2021 gjort det største funnet av gull frå forhistorisk tid i Vestland på over 50 år. Nærmore 160 gram gull beståande av sju ringar blei funne ved siden av ei stor steinblokk. Gullet blei truleg lagt ned som ei ofring til gudane i romartida, for over 1 600 år sidan. Objektet inngår i museet sine samlingar, og vil på sikt bli vist fram i utstillingssamanhang.



UNIVERSITETET I BERGEN
OG SAMFUNNET

FORMIDLING OG KUNNSKAPSDELING

Eit viktig samfunnsoppdrag for UiB er formidling og kunnskapsdeling. I 2021 var UiB omtalt i 13 922 artiklar i nasjonale medier. I tillegg deler dyktige forskarar og formidlarar kvar dag kunnskapen sin gjennom ei rekke forum; som i populærvitskaplege publikasjonar, i debattar, på konferansar, gjennom sosiale medium og gjennom undervisning.

Aarebrotforelesinga

Er fridom mogleg? Korleis kan ein leve eit liv med mest mogleg mening? Det var tema for filosofen Lars Fredrik Händler Svendsen under Aarebrotforelesinga 16. januar. Den årlege forelesinga heidrar den munnlege formidlingstradisjonen som professor Frank Aarebrot var ein av våre fremste representantar for. Arrangementet er eit samarbeid mellom UiB, familiene til Frank Aarebrot og Studentersamfunnet i Bergen.



Christieprisen

Linda Eide og Gunnstein Akselberg fekk Christieprisen 2021 for sitt langvarige arbeid med å formidle godt språk. Prisen vert delt ut til personar som byggjer bru mellom akademia og samfunnet rundt. Duoen har tidlegare trekt fulle hus på Litteraturhuset i Bergen gjennom møteserien «Ut med språket!». På «Eides språksjov» snakkar dei om språk og språkbruk i beste sendetid på NRK.



UiB Innsikt

Meir enn 5 300 personar fekk med seg seminarserien UiB Innsikt i 2021. Serien gjev innsikt, djupn og perspektiv til samfunnsaktuelle tema, både lokalt og globalt. I 2021 vart det arrangert 12 digitale seminar, med eit avgrensa tal på publikum i Universitetsaulaen. UiB Innsikt er eit samarbeid mellom UiB og Studentersamfunnet i Bergen.



Store Norske Leksikon

6,1 millionar gongar vart dei 7 730 artiklane som UiB sine tilsette har ansvar for i Store Norske Leksikon lesne i 2021. Professor Erik Bjerck Hagen er ansvarleg for 623 artiklar, som samla vart lesne meir enn ein million gongar. Fagartikkelen om hinduisme, ført i pennen av professor Knut Axel Jacobsen, vart lesen nær 134 000 gongar i 2021.



Pandemikonferanse

I oktober arrangerte Pandemisenteret sin første nasjonale studentkonferanse på Bergen offentlege bibliotek. Studentar frå heile landet bidrog til eit innhaldsrikt arrangement, der erfaringar frå Covid 19-pandemien vart belyst frå ulike perspektiv. Studentkonferansen var den første i sitt slag og markerde samstundes eittårsdagen til Pandemisenteret.



Forskningsdagane

Forskningsdagane i Bergen vert arrangerte årleg i eit breitt samarbeid mellom forskings- og utdanningsinstitusjonane i byen. Målsettinga er å skape begeistring og forståing for forsking, samt å formidle kva forskinga betyr for samfunnet. På programmet i 2021 stod mellom anna Forsker Grand Prix, skulebesøk på 25 skular, Forskningsdagane Ung og «Researchers night».



Berekraftskonferanse

1 140 deltakarar frå 110 land fekk med seg årets SDG Conference Bergen. Berekraftskonferansen var den femte i rekka ved UiB og fann stad 9.-11. februar 2022. Som i 2021 var konferansen digital.



Barneuniversitetet

200 spente barneskuleelevar hadde benka seg i Universitetsaulaen då UiB var vertskap for Barneuniversitetet i september. Dei fekk oppleve både musikkøvingar, gaming, klimaforsking og fysikkeksperiment under arrangementet, som er ein konferanse for barneskular i Bergen kommune.



INTERNASJONALT UNIVERSITET

INTERNASJONAL PUBLISERING


59 % av dei vitskaplege publikasjonane hadde internasjonalt forfattarskap i 2020. Det vil seie at minst ein av forfattarane var frå UiB, og minst ein frå utlandet. Det er publisert artiklar med forskrarar frå 139 ulike nasjonar. USA, Storbritannia og Tyskland er dei nasjonale UiB-forskarar publiserer mest saman med. UiB er med dette best i Noreg på internasjonal publisering.

INTERNASJONALT TILSETTE

Universitetet i Bergen er eit internasjonalt universitet. **27 prosent** av dei tilsette kjem frå utlandet. Dei kjem frå **93 ulike nasjonar**. Tyskland, Storbritannia, Frankrike og Sverige er dei landa som er høgst representert blant dei tilsette ved UiB etter Noreg. Blant dei vitskaplege tilsette er 35 prosent frå utlandet.

Om lag halvparten av doktorgradskandidatane som disputerte i 2021 var frå utlandet.

NOREGS MEST SITERTE UNIVERSITET



Forskinga ved UiB får gjennomslag og vert brukt av andre forskrarar. Det viser evalueringane frå dei viktigaste rangeringane. Times Higher Education World University Rankings har gjennom fleire år rangert UiB som det mest siterte universitetet i Noreg, i 2021 med ein skår på 92 av 100.

UTREISANDE STUDENTAR (HEILE 2021)

307

INNREISANDE STUDENTAR (HEILE 2021)

1 089

UNIVERSITETET I BERGEN
OG SAMFUNNET

CAMPUS I HJARTET AV BERGEN

Universitetet i Bergen sine områder skil seg frå andre universitet ved at store delar av bygningsmassen er ein integrert del av bysentrum. Fleire av bygga er opphavleg ikkje bygde til universitetsføremål. Bygningsmassen inkluderer for eksempel byvillaer frå 1700-talet, museum, idrettsanlegg og topp moderne laboratoriebygg.




Planar

UiB planlegg eit realfagleg kraftsentrum på Nygårdshøyden Sør. Dette inkluderer rehabilitering av Realfagbygget og Fysikkbygget, og realisering av eit nytt bygg i Allégaten 64.

Statsbygg gjennomfører no forprosjektering av nytt Griegakademi i Møllendal på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet og med finansiering frå UiB. Det pågår òg reguleringssarbeid med Alrek 4 og Kontorbygg Dokkeveien. Rehabilitering av Nygårdsgaten 5 er i gang og vil være ferdig våren 2023.

VARER OG TENESTER (I MILL. KRONER)



* Gjeld ikkje leverandørar med fakturaadresse/hovudkontor utanfor Bergen.



Med nær 20 000 studentar og over 4 000 tilsette fargelegg UiB byen vår, og bidreg til å skape positive ringverknader som strekk seg langt utover Nygårdshøyden. I ei tid der kunnskap, samarbeid og handlekraft er nøkkelen til ei berekraftig framtid, har UiB ei sentral rolle, både som sjølvstendig aktør, men også som eit bindeledd mellom forskning og utdanning, næringslivet og det offentlege. Dette arbeidet kjem særskilt til syn i UiB si leiarrolle knytt til FN-s berekraftsmål 14: Livet i havet, eit mål både byen og bergensarane er opptekne av.

Rune Bakervik, ordførar i Bergen

UiB DISPONERER

415 000 m²

fordelt på **95** bygg. **38** av desse er freda og **5** er verna.

UiB legg mykje innsats i å bevare desse som ein del av vår felles kulturarv.

KLIMA OG BEREKRAFT

Universitetet i Bergen sitt viktigaste bidrag til ei berekraftig framtid ligg i den store breidda av forsking som skjer her. Det gjeld ei rekke forskingsprosjekt innan område som hav, klima, energiomstilling, og dei globale samfunnsutfordringane, som er UiBs tverrfakultære satsingsområde. Også andre fagområde betyr mykke for berekraftområdet.

KLIMANØYTRALT UiB

89 %



av CO₂-utsleppa til UiB knytt til reiser, innkjøp, bygg og arealbruk skal kuttast innan år 2030. Då skal UiB bli klimanøytralt. Samstundes som UiB reduserer eige klimaavtrykk, vil det største bidraget til det grøne skiftet vere å levere kunnskap og kompetanse til samfunnet gjennom utdanning, forsking og innovasjon.

Klimafondet

UiB sitt klimafond finansierer tiltak som skal engasjere tilsette og studentar i arbeidet med å redusere universitetet sitt klimaavtrykk. I 2021 finansierte fondet over 30 klimatiltak frå studentar og tilsette, mellom anna tiltak for redusert forbruk, klimaarrangement for studentar, samt prosjekt innan nyskaping og innovasjon.

SOLCELLER

11 000



solceller skal UiB ha på taka sine i 2025. Det betyr at nærmast heile UiB vil ha tak fylte av solceller. Satsinga på solcelleanlegg ved UiB starta i 2020, og vil når alt er klart, kunne produsere to til tre gigawattimar straum i året.

Første sykkelvenlege universitet i Noreg

UiB vart landets første «sykkelvenlege universitet», etter å ha blitt sertifisert av Syklistenes Landsforening. Universitetet har gjort ei rekke tiltak, som oppgradering av garderobar, sykkelhus med trygg lading for el-sykler, servicestasjon, lyssetting, tryggleikskamera og alarmar. Arbeidet held fram i åra framover, med mål om at tilsette og studentar vel å reise miljøvenleg til jobb og studiar.

Nytt kontrollsysten

Eit nytt system for sentral driftskontroll vil, når det står ferdig, gje sanntidsoversikt over mellom anna temperatur, CO₂-nivå og luftfukt i UiB sine om lag 100 bygg. Slik kan ein styre inneklimaet ned på rom-nivå, til beste for studentar, tilsette og miljøet. Systemet vil ta omsyn til vervesel og bruksmønster. Anslag syner at det nye systemet kan gje ei energisparing på 5 til 10 prosent.

Utdanningar

Nær 300 søkte om å få ein av dei 20 plassane på det nyoppredda tverrfaglege masterprogrammet i berekraft. Programmet tek føre seg korleis forskrarar, politikarar, lovgjevarar og andre aktørar saman kan bidra til eit meir berekraftig samfunn. UiB har også ei rekke andre studium knytte til berekraft og klima på tvers av universitetet, både som enkeltemne, årsstudium, som bachelor- og mastergrad og integrert master/profesjonsstudium.

One Ocean Expedition

Universitetet i Bergen er stolt samarbeidspartner til jordomseglinga One Ocean Expedition. Turen rundt jorda starta i august 2021, og skal vare fram til april 2023. Ekspedisjonen sitt hovudmål er å skape merksemd og å dele kunnskap om havet si viktige rolle for ei berekraftig framtid i eit globalt perspektiv. Både forskarar, undervisarar og studentar frå UiB er involverte i jordomseglinga.



“ Statsraad Lehmkuhl har fungert som eit utdanningsfartøy i over hundre år, men har dei siste åra også blitt utrusta til eit «state of the art» forskingsfartøy. Dette er del av skipet sitt viktigaste oppdrag nokosinne med **One Ocean Expedition**. Universitetet i Bergen har vore heilt avgjerande for planlegginga av ekspedisjonen. UiB har eit særskild ansvar for FN sitt berekraftsmål nr. 14 og er truleg også det universitetet i Norden med mest kunnskap om Stillehavssøyane. Me ser fram til vidare godt samarbeid i åra som kjem og at me saman vil stake ut kurser for framtidige ekspedisjonar med UiB om bord.

Haakon Vatle,

direktør Statsraad Lehmkuhl





uib.no

I januar 2022 markerte UiB sitt plastnettverk, og alliansen «Arven etter Plasthvalen», at det er fem år sidan forskarar ved UiB fann meir enn 40 plastposar i magen til ein stranda kval utanfor Sotra. Inspirert av Plastkvalen har engasjerte UiB-studentar og samarbeidspartnarar rydda om lag 8 tonn plast og marint avfall under den nasjonale strandryddeveka dei to siste åra. ➤

